



**F.G. Eiendom AS**

Sagstadvegen 67  
5918 Frekhaug

Telef.: +(47) 90 59 81 59  
E-post: frd@fg-e.no

Alver Kommune  
Postboks 4

**5906 Frekhaug**

Your Ref:

Our Ref:  
BR30320130

Frekhaug, 15.01.2022

## **Kyrkjevegen i Alversund – Søknad om dispensasjon fra arealføremål**

### **Bakgrunn**

F.G. Eiendom AS har oppgradert Kyrkjevegen i Alversund basert på godkjent reguleringsplan og vegplan.

Vegen, slik den er bygd, er overlevert til - og godkjent av Alver kommune (byggesak). Vegavdelinga i kommunen har overteke vegen til drift- og vedlikehald.

Kyrkjevegen nedanfor kyrkja ligg i eit bratt og skrånande terrenget der det var naudsynt å byggja murfot og støttemurar både på oppsida og nedsida av vegen for å unngå store skjeringar og fyllingar. I reguleringsplanen var det ikkje sett av areal utanfor vegbana til «anna vegareal». Det har medført at delar av murfoten og støttemuren på nedsida av vegen på gnr 137 bnr 14 og gnr 137 bnr 733 er kome litt utanfor reguleringsgrensa for vegen (plan id. 1263-22112006) og ligg no på areal som i kommuneplanen er merka som bustadtomt (gnr 137 bnr 733) og LNF område (gnr 137 bnr 14).

Pga. det bratte terrenget var det ikkje mogeleg å byggja støttemuren innanfor reguleringsgrensa om krava til vegbreidd og møteplassar skulle sikkast.

Alver kommune har gjennomført oppmåling av vegen og støttemurane og fastsett nye grenser for det arealet dei ønsker skal definerast som vegareal.

Det var F.G. Eiendom AS som var tiltakshavar då reguleringsplanen for Kyrkjevegen vart utarbeidd og som også gjorde avtalar om grunnerverv, og som no skal overføra veggrunnen til kommunen.

### **Søknad**

F.G. Eiendom AS søker derfor om omdisponering av den delen av murfoten og støttemuren som ligg utanfor reguleringsgrensa for Kyrkjevegen, frå LNF område og bustadområde til «anna vegareal».

Grunnjevinga for å gje dispensasjon er at

- det ikkje var mogeleg å byggja denne vegen i det bratte terrenget utan at murfoten gjekk ut over plangrensa for arealet som er regulert til veggrunn dersom ein skulle oppfylla krava til

vegbreidd og møteplassar. Eit alternativ med jordfylling i det bratte lendet ville ha sperra ein nærliggjande landbruksveg og øydelagt eit grasmarkområde.

- murfoten og støttemuren ikkje kan nyttast til anna enn veggrunn.
- kommunen ønskjer at murfoten og støttemuren skal inngå i vegarealet, slik at dei kan overta heile arealet, inkludert murfot og støttemurar til drift og vedlikehald.

Søkjar ser ingen ulemper med å gje dispensasjon. Føremonene med å gje dispensasjon er grunngjevne ovanfor. Grunnerverv er sikra gjennom avtalar.

Kommunen har målt opp og koordinatsett vegarealet, inkludert støttemurar og murfot.

### Vedlegg

Kart og foto som viser vegen slik den er bygd med grensene kommunen ønskjer skal definerast som vegareal.

Med vennleg helsing  
FG Eiendom AS

Frank Rune Dale  
dagleg leiar